

TILSKOTSORDNINGAR, PRISAR OG STIPEND

GENERELT

RETT TIL TILSKOT

Alle foreiningar, lag og klubbar innan kultursektoren i Stord kommune kan søkja tilskot. Arbeid innan kultursektoren omfattar:

- Idrettsarbeid
- Kulturarbeid og kulturtilbod for barn
- Kulturtiltak og kulturtilbod for eldre
- Ungdomsarbeid
- Amatørteater
- Musikkaktivitet og konsertar
- Litterær aktivitet
- Kunst/kunsthåndverk og kunstformidling
- Foto og film
- Kulturvern og lokalhistorisk arbeid
- Friluftsliv
- Andre kulturtiltak

Komiteen for næring miljø og kultur ønskjer å fremja aktivitetstilbod for born og unge, eldre, samt personar med funksjonshemming og tiltak for personar med fleirkulturell bakgrunn.

Det vert stilt følgjande krav for at ein organisasjon generelt skal ha rett til tilskot:

- Organisasjonen skal ha minst 10 medlemmer/deltakarar. Det kan dispenserast for kravet om 10 medlemmer der særlege tilhøve tilseier det

Det er ein føresetnad for å få stønad at tiltaka er opne.

Det vert ikkje gjeve tilskot til turar, studiereiser, reiser til særlege arrangement osv.

HUGS:

- Alle underavdelingar i foreiningar/lag skal fremja sine søknader gjennom hovudstyret, dersom slikt finnest i kommunen.
- Kommunen (eining for kulturtenester) har til ei kvar tid rett til å undersøkje om grunnlaget for tilskot er til stades, og korleis tildelte midlar vert brukte.
- Lag og foreiningar som tek imot tilskot, må godta ordninga med følgjeprova som gjeld i kommunen.

For alle typar tilskot vert det teke atterhald om at det er sett av midlar på budsjettet.

FØLGJEPROV

- Følgjeprov skal gje funksjonshemma med stort behov for hjelp og tilsyn dei same høve som alle andre til å ta del i kultur- og fritidsaktivitetar.
- Den som har følgjeprov betaler sjølv eigen inngangsbillett, medan følgjet kjem inn gratis.
- Følgjeprov kan nyttast ved alle kommunale kultur- og fritidsaktivitetar

Ordninga er meint for:

- Personar med psykisk utviklingshemming
- Personar som har ei psykisk lidning
- Personar med samansette/andre funksjonshemmingar.

Alle søknader og spørsmål om følgjeprov skal rettast til:
Stord kommune, Kundetorget, Postboks 304, 5402 Stord

TILSKOTSPOSTANE

Stord kommune har følgjande tilskotsordningar:

1. Generelle driftstilskot – kulturmidlane
 - tilskot til song- og musikklag
 - tilskot til idrettsorganisasjonar
 - tilskot til allmenne kulturorganisasjonar
 - tilskot til barne- og ungdomsorganisasjonar
2. Tilskot til andre kulturtiltak

Det skal nyttast eige skjema for søknad om generelt driftstilskot. Søknaden skal sendast Stord kommune. Etter at søknaden er behandla, får søkjaren skriftleg melding om vedtaket. Klage på vedtak skal sendast til den instansen som har gjort vedtaket.

Prisar o.l.

3. Retningslinjer for tildeling av kulturpris
4. Retningslinjer for tildeling av målpris
5. Retningslinjer for tildeling av kulturstipend
6. Retningslinjer for tildeling av eldsjelpris

1. DRIFTSTILSKOT – GENERELT

Tilskotet skal gje midlar til foreininga/laget si ordinære drift. Ved vurderinga vert det lagt vekt på medlemstal, talet på medlemmar under 19 år, aktivitet, eigeninnsats og kapitalbehov. Søknaden skal skrivast på eige skjema for den aktuelle søknadsgruppa og ha følgjande vedlegg:

- Medlemsliste
- Revidert rekneskap for siste år
- Årsmelding

Musikkrådet gjev innstilling.

Idrettsrådet gjev innstilling.

Søknadsfrist 1. april. Tildeling: Innan utgangen av juni.

2. TILSKOT TIL ANDRE KULTURILTAK

Føremålet med tilskotsordninga er å stimulera og vidareutvikle det lokale kulturlivet. Midlane skal i hovudsak nyttast til prosjekter og opne arrangement.

- Utvikla barn og unge sine kulturopplevingar.
- Gje innbyggjarane eit variert kunst- og kulturtilbod.
- Fremja nyskaping, festivalar, mønstringar m.m.

Det vert ikkje gjeve tilskot til følgjande:

- Lukka arrangement
- Kurs-/seminarverksemd og deltaking
- Ordinære driftstilskot
- Reise- og turnestøtte
- Kommersielle arrangement /prosjekter
- Innkjøp av materiell/utstyr

Søknaden skal innehalda:

- Plan for arbeidet/tiltaket
- Oversikt over innhaldet i arrangementa
- Oversikt over kva geografisk område tiltaket skal dekkja
- Budsjett og eventuelt rekneskap for verksemda

Søknad skal sendast Stord kommune. Støtte kan gjevast som underskotsgaranti eller som tilskot inntil 30% av total kostnad. (Dugnadsinnsats ikkje medrekna). Øvre grense for tilskot er kr 40.000,-. Søknader der forventa tilskot er over 40 000,- skal handsamast politisk.

3. RETNINGSLINER FOR TILDELING AV KULTURPRIS

- Komiteen for miljø og kultur kan kvart år dela ut ein kulturpris til kulturarbeidarar, kunstnarar eller lag med tilknytning og forankring til Stord kommune.
- Kulturprisen vert gjeven for aktivitet og frivillig kulturarbeid over lenger tid eller for særleg fortjenestefulle einskildtiltak.
- Utdelinga skal gjerast kjend i lokalpressa, og det er høve til å senda skriftlege framlegg til komiteen for miljø og kultur. Medlemmer i komiteen for miljø og kultur kan og gjera framlegg om kandidatar.
- Komiteen for miljø og kultur gjer endeleg vedtak om kven som skal få prisen.

4. RETNINGSLINER FOR TILDELING AV KULTURSTIPEND

- Arbeids- og utdanningsstipend på min. kr. 20 000 kan kvart år delast ut til kulturarbeidarar og kunstnarar med tilknytning og forankring til Stord kommune. Heile summen kan gjevast til ein person, eller delast. Føresetnaden for stipendet er at det til ei kvar tid vert stilt pengar til disposisjon på budsjettet. Komiteen for miljø og kultur deler ut stipendet.
- Stipendet kan søkjast til bestemte arbeidsoppgåver, til studiereiser og til utdanning. Komiteen for miljø og kultur kan og tildela stipend på eige initiativ og/eller etter framlegg frå andre.
- Komiteen for miljø og kultur kunngjer søknadsfristen i lokalpressa. Søknadsfrist 20. september.
- Stipendiaten sender ei kort melding til komiteen om korleis stipendet er nytta.

5. RETNINGSLINER FOR TILDELING AV MÅLPRIS

- Målprisen skal delast ut til den butikk/verksemd som merkjer seg ut med god nynorsk i staden for bokmål og engelsk.
- Prisen vert delt ut samstundes som kulturpris og kulturstipend ved ei tilskiping i november.
- Komiteen for miljø og kultur nemner op ei målprisnemnd med to representantar frå Stord mållag og to representantar for komiteen. Målprisnemnda vert oppnemnd for ein valbolc. Kulturkontoret er sekretær for nemnda.
- Målprisnemnda syt for å få inn framlegg til kandidatar og innstiller til komiteen for miljø og kultur som gjer vedtak.

6. RETNINGSLINER FOR TILDELING AV ELDSJELPRIS

- Eldsjelprisen er oppretta for å stimulera til frivillig arbeid i Stord kommune
- Prisen vert delt ut i samband med årleg felleskonferanse for frivillig sektor. Alternativt blir
- prisen utdelt samstundes som kulturpris og kulturstipend ved ei tilskiping i november.
- Prisen kan gjevast til ein person eller eit lag/ein organisasjon for langvarig og tru teneste eller for nyskaping innanfor frivillig arbeid i Stordsamfunnet
- Prisen er eit kunstverk og ei skriftleg grunngjeving for tildelinga
- Komiteen for næring, miljø og kultur kunngjer fristen for innmelding av kandidatar i lokalpressa. Forslagsfrist 15. september
- Komiteen for næring, miljø og kultur tildeler prisen etter framlegg frå ei nemnd samansett av 2 representantar frå Frivilligsentralen, 1 frå Idrettsrådet ,1 frå Musikkrådet og 1 frå komiteen. Kulturkontoret er sekretær for nemnda.

7. RETNINGSLINER FOR TILDELING AV SENIORPRISEN

- Seniorprisen skal delast ut til ein person eller ei gruppe med seniorar med tilknytning til og forankring i Stord kommune. Prisen vert gjeven som ei påskjøning i høve det eldre bidreg til i samfunnet.
- Utdelinga skal gjerast kjent i lokalpressa, og det er høve til å koma med skriftleg framlegg til Eldrerådet. Forslagsfrist 7. september.
- Prisen er eit kunstverk eller anna høvande og ei skriftleg grunn for tildelinga
- Eldrerådet gjer vedtak om kven som får prisen.
- Prisen vert delt ut på Edredagen